



Kenneth Meland
Isdalstøbakken 26
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/435 - 15/19217

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
12.05.2015

Gbnr137/51 Hordasmia. Deling av eigedom for arealoverføring. Melding om at saka ikkje vert handsama.

Eigedom: Gnr.137 bnr.51 Hordasmia
Adresse for eiged.: Isdalstøbakken 26, 5916 Isdalstø.
Type tiltak: Deling av grunneigedom
Heimelshavar: Kenneth Meland og Siv Skarpenes
Søker: Kenneth Meland og Siv Skarpenes

Saka gjeld:

Tiltaket er del av eit større prosjekt der eigaren av gnr.137 bnr.765 søker om å få dele denne eigedommen slik at han kan føre opp ein tomannsbustad på den frådeltte parsellen. For å få dette til er det naudsynt å legge om vegen som fører til fleire eigdommar i området: 137/51, 137/36 og 137/765. Det er i høve denne omlegging av vegen og realisering av prosjektet med å føre opp tomannsbustaden, at det vert søkt om å få dele frå om lag 287m² frå 137/51 for å overføre dette arealet til 137/765 og truleg då vidare til ny frådelt tomt frå denne eigedommen.

Søknaden om å få dele frå ein parsell av gnr.137/765 vart handsama administrativt i sak 15/436 – 15/3900, og det vart gjort slikt vedtak:

VEDTAK:

Lindås kommune har vurdert søknaden om å få dele frå ein parsell av gnr.137 bnr.765. På bakgrunn av opplysningane som ligg føre både i søknaden og i tillegg som er lagd fram, finn kommunen at ein ikkje har grunnlag for å vurdere tiltaket.

Søknaden vert på den bakgrunnen som er nemnt, avvist.

Bakgrunn for avvising av saka var manglande dokumentasjon knytt til sider ved tiltaket.

Sidan søknaden om arealoverføring heng nøye saman med og er del av føresetnadane for gjennomføring av ei sak kommunen ikkje har funne grunnlag for å handsame, vurderer kommunen det slik at det heller ikkje er grunnlag for å handsame søknaden om arealoverføring.



Søknaden vert ikkje handsama. Det vert ikkje gjort vedtak i saka, men ein reknar med at søknaden eventuelt vert fremja på nytt dersom tiltaket som er handsama i sak 15/436 kjem tilbake til kommunen for ny vurdering, eller vedtaket om avvising vert påklaga.

Det vert ikkje kravd gebyr i samband med vurderinga som er gjort her.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Kenneth Meland

Isdalstøbakken 26 5916

ISDALSTØ